



SPAREBANKSTIFTINGA FJALER



# Årsmelding 2015

## INNHOLD

- 2 Bakgrunn, føremål og eigarskap
- 3 Forvalningsstrategi
- 4 Gåver til allmennyttige føremål
- 6 Egedelar, resultat, disponering av overskot
- 8 Styrande organ
- 10 Rekneskap med notar
- 18 Revisjonsmelding

Bilete: Teaterfestivalen 2015, Fossevikja, Terje Vigen framført av Ane Dahl Torp. Fotograf: David Zadig

## **Styret si årsmelding for 2015**

### **Bakgrunn**

Då Fjaler Sparebank 12.03.2010 valde å slå seg saman med Sparebanken Sogn og Fjordane, fekk vi ein ny bank med større slagkraft enn kvar av bankane hadde før. Formelt vart dei to bankane éin bank frå 01.09.2010. Ved samanslåinga vart ein stor del av grunnkapitalen i bankane overført til to stiftingar, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Sparebankstiftinga Fjaler.

### **Føremål**

Vedtekten seier dette om føremålet for stiftinga

- *Stiftinga sitt føremål er å forvalte eigenkapitalbevis som stiftinga vart tilført ved skipinga, og å stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap i Sparebanken Sogn og Fjordane.*
- *Stiftinga skal i tillegg plassere midlane på ein føremålstenleg og trygg måte ut frå omsynet til trygd, risikospreiing, likviditet og avkasting.*
- *Stiftinga sitt føremål skal vidare vere å gje gåver til allmennyttige føremål. Ved sine disposisjonar skal stiftinga først og fremst ta omsyn til det distriktet som har bygd opp kapitalen til tidlegare Fjaler Sparebank.*
- *Ved si verksemد skal stiftinga støtte Sparebanken Sogn og Fjordane i banken sin vidareføring av sparebanktradisjonar.*
- *Elles kan stiftinga stå for anna verksemد som kan sameinast med nemnde føremål og sparebanklova.*

### **Eigarskap i Sparebanken Sogn og Fjordane**

Det er dei to sparebankstiftingane som står som eigalarar av banken. Sparebankstiftinga Fjaler eig 5,88% av eigenkapitalbevisa i Sparebanken Sogn og Fjordane, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane eig 94,12%. Dei to stiftingane vel til saman 40% av medlemene i sparebanken sitt forstandarskap.

I stiftinga sin eigarstrategi er det slege fast at

- Sparebankstiftinga Fjaler skal vere ein langsiktig, stabil og aktiv eigar i SSF. Vårt eigarskap skal bygge på at SSF vidarefører sterke lokalbanktradisjonar i Fjaler kommune, samt at banken skal framstå som fylket sin leiande bankaktør.
- Vi vil oppretthalde eit eigarskap på minimum stiftinga sin grunnkapital (1.064.530 ek-bevis). Utover dette kan ek-bevis i SSF kjøpast og selgast som ledd i stiftinga sin kapitalforvaltning.
- Stiftinga har som føremål å bruke av overskotet til allmennyttige gåver. Vi vil med vårt eigarskap aktivt arbeide for at SSF vektlegg god drift, med moderat risiko, og at kort- og langsiktige mål om kursutvikling ikkje går utover gode og løpende utbytteutbetalingar.

- Stiftinga vil søkje samarbeid med SSF på område som kan underbygge og styrke stiftinga og/eller SSF sin verksemd.
- Vi vil aktivt arbeide for å få posisjonar i SSF sine styrande organ der dette er føremålstenleg for å underbygge våre mål og ambisjonar.

Stiftinga er i dag representert i banken sitt styre, forstandarskap og i banken sin valkomite for forstandarskapen.

### **Forvaltningsstrategi**

Eigedelane i Sparebankstiftinga Fjaler består av:

Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane (1 114 530 bevis)

Likvide midlar:

Bankinnskot	kr 18.834.335.-
Aksje/rentefond	kr 3.962.030.-

Det skal byggast opp ein likviditet over tid som tilsvrar om lag tre års drift i stiftinga (til drift og allmennytige gaver). Denne likviditeten skal i hovudsak vere plassert i bankinnskot og pengemarknadsfond.

Stiftinga sine likvidar er hovudsakleg plassert i bank. Renteavkastninga på bankinnskot har vore heller lav heile året. Det vart difor vurdert som fornuftig å forsøke plassere noko av midlane til betre avkastning, men samstundes med låg risikoprofil. I april investerte stiftinga kr 4.000.000.- i 4 ulike fond med lav risikoprofil. Verdien har i løpet av året svinga begge vegar, men ved utgangen av 2015 var verdien kr 4.037.000.- Ingen av fonda vart på det tidspunkt realiserte, og etter rekneskapsreglane skal det bokførast tap på dei investeringane som har gått med tap, men det kan ikkje førast vinst på investering som har auka i verdi utan at vinsten er realisert. Eitt av fonda gjekk med tap, kr 37.970.-, og i rekneskapen står difor samla verdi fonda med kr 3.962.030.-.

### **Gåver til allmennytige føremål**

Styret i Sparebankstiftinga Fjaler har som mål at delar av stiftinga sitt overskot skal gjevast som årlege gaver til allmennytige føremål. Dette skal utløyse aktivitet og eigeninnsats og dermed auke trivselen i nærmiljøet. Stiftinga skal i si verksemd først og fremst prioritere gaver i det distriktet som har bygd opp grunnkapitalen (sparebanken sitt fond) i tidlegare Fjaler Sparebank. Styret legg vekt på god kunngjering og informasjon om gaveprosessen. Les elles om gaveinstituttet, tildelingane og reglane for å søke på [www.ifjaler.no](http://www.ifjaler.no)

Stiftinga la i 2015 opp til éin søkerunde for gaver til allmennytige føremål, med søkerandsfrist 2. mars.

Sidan første utdeling frå stiftinga hausten 2010 har stiftinga delt ut kr 6.675.500.-, fordelt på 264 tiltak/søkarar, av dette kr 1.230.000.- i 2015 fordelt på 37 mottakarar. Kr 10.000.- av gavemidlane vart i 2015 avsett til «På Rappen». Dette er ei ordning der ungdom kan søkje på inntil kr 5.000.-, gjennom heile året, og få svar innan kort tid. Det står pr 31.12.15 att kr 15.450.- som unytta på denne posten. Det var i 2015 utdelt 2 gaver frå denne ordninga.

I 2011 byrja oppbygging av gåvefond. Medrekna avsetjing for 2015, kr 879.160.-, aukar dette fondet til kr 2.520.520.-. Dette gåvefondet er meint som ein reserve for framtida, dersom det skulle komme enkeltår der resultatet elles ikkje gir høve til gåveutdeling.

Støtta frå stiftinga gjev rom for ei stor breidde av tiltak innan kultur, idrett og nærmiljøtiltak, alt frå driftstøtte til små og store organisasjonar til støtte til store prosjekt, t.d. idrettsanlegg og forsamlingshus. Stiftinga har følgt opp sparebanktradisjonen med å gje driftsstøtte til dei mange laga i Fjaler/Holmedal som betyr mykje for aktiviteten og trivselen i sine bygder, men er òg med og støttar dei store prosjekta som er nyskapande og som medfører stor eigeninnsats. Større tildelingar i 2015 som kan nemnast er: kr 400.000 til Skigruppa i Fjaler (løypemaskin), kr 150.000 til Jakob Sande selskapet (restaurering av hovedhuset), Dale Skyttarlag kr 100.000, Teaterfestivalen kr 100.000, Holmedal Ungdomslag kr 70.000 (all-bruk av rendahuset), Guddal rendalag kr 50.000 (vedlikehald ved rendahuset).



Bilete: Frå Teaterfestivalen. Fotograf: David Zadig.

#### Tildelingar 2015:

Organisasjon	Løyvd	Tiltak
Flekke Grendelag	5 000	Hjartestartar
HELLEVIK IDRETTSLAG	10 000	Gapahuk/rydding uteområde
Fjaler danseverkstad	10 000	ung-til-ung opplæring
HOLMEDAL UNGDOMSLAG	70 000	All-bruk av rendahuset
FLEKKE UNGDOMSLAG	5 000	Rendahuset
DALE MUSIKKORPS	5 000	Drift
DALE MUSIKKORPS	15 000	Opplæring aspirantar
Jakob Sande Selskapet	150 000	Restaurering hovudhuset
FJALER PENSJONISTLAG	10 000	Bingo på Tun-kafèen
Dale IL sykkel	5 000	Barne/ungdomssykelløp
NFU Askvoll-Fjaler-Hyllestad lokallag	5 000	Drift
DALE IDRETTSLAG/ Skigruppa i Fjaler	400 000	Løypemaskin
GUDDAL FAMILIEKOR	5 000	Drift

Fjaler Hagelag	5 000	Drift
Holeholten 4H klubb	5 000	Drift
FJALER REVMATIKARLAG	5 000	Drift
DALE UNGDOMSLAG	5 000	Drift
Holmedal eldresenter	5 000	Sogehefte
Fjaler Kino	10 000	Gratis kino til skulebarn/ungdom
FURE OG VÅGE SONGLAG	5 000	Drift
CANTUS	5 000	Drift
FJALER KOMMUNE	50 000	Område ved ungdomsskulen
FRISK I FJALER	30 000	Sykkelsoppelse for eldre
Holmedal ungdomsklubb	5 000	PC-rom/ aktivitet
DALSFJORDEN SPELEMANNSLAG	5 000	Drift
Fjaler Pensjonistlag	10 000	Bocciabane
DALE SKYTTARLAG	100 000	Kjøkken m.m. i Stavsdalen
Dale Idrettslag v/stigruppa	26 000	Tursti
Teaterfestivalen i Fjaler	100 000	Teaterfestivalen
Fjalerhallen	50 000	Skifte lysrør i hallen
DALSFJORDEN/YTRE SOGN FJORDHESTLAG	5 000	Kjøp av seletøy
DO RE MI BARNEKOR	5 000	Drift
FJALER SENIORDANS	4 000	Lydanlegg
Straumsnes Grendahus	10 000	Vedlikehald ute ved grendahuset
Guddal Grendalag	50 000	Vedlikehald ute ved grendahuset
Ungdomens kommunestyre	10 000	Friluftsveka
På Rappen	10 000	Påfyll
HAFS Utvikling AS	20 000	Filmprosjekt HAFS
<b>SUM</b>	<b>1 230 000</b>	

Ei liste over gåvetildelingane for alle år ligg på stiftinga sine heimesider: [www.ifjaler.no](http://www.ifjaler.no) under Gåvetildeling og Tildelingar.



Bilete: Løypemaskina i bruk i Norddalen. Foto: Are Morten Follevåg

## Eigedelar i stiftinga

Samla eigenkapital 31.12.2015 er på kr 131.918.809.- (31.12.2014: kr 131.039.650.-).  
Sum eigedelar 31.12.2015 var kr 134.249.365.- (31.12.14: kr 133.306.175.-).

## Resultat

Renteinntekter, utbytte på aksjar og eigenkapitalbevisa er stiftinga sitt inntektsgrunnlag. Det er utbytte på eigenkapitalbevisa i Sparebanken Sogn og Fjordane for 2014 som er inntektsført i 2015. Driftsutgiftene er kr 738.550.- (2014: kr 617.831.-). Resultat finans er overskot kr 2.2.934.710.- (2014: kr 2.689.192.-) og årsresultatet er kr 2.196.160.- (2014: kr 2.071.360.-).

I 2015 fekk stiftinga utbetalt utbytte på eigenkapitalbevisa med kr 2.582.968.- for 2014 (2014: 2.066.372.- for 2013). Dette vert noko meir i 2016 etter dei signal vi har fått frå banken. Utbyttet kan bli på vel 3 millionar, dersom forstandarskapen i banken følgjer tilrådinga frå styret. (Auken skuldast at banken har hatt eit godt resultat dei siste åra, og aukar utbytteutbetalinga. Samstundes er utbytet dårlegare enn det ein kunne ynskt sett frå ein gáveutdelingssynstad. Men det er viktig for Sparebanken Sogn og Fjordane å auke eigenkapitalgraden sin, for å møte krava frå myndighetene. )

## **Disponering av overskot**

Sparebankstiftinga Fjaler si generalforsamling vil kvart år fastsette storleiken på midlar til gåveføremål. Følgjande retningslinjer ligg til grunn for disponering av overskot til allmennytige gaver:

- Normalt vil årleg tildeling av allmennytige gaver utgjere inntil 60% av overskotet.
- Det vert prioritert å bygge opp gåvefond som kan nyttast i år med svakare økonomiske resultat.
- Resten av overskotet kan avsetjast til dette fondet.

### **Disponering av overskot 2015:**

- Gåver til allmennytige føremål	kr 1.317.000
- <u>Avsett til gåvefond</u>	kr 879.160
<b>Sum disponert</b>	<b>kr 2.196.160</b>

Samla del disponert til gaveutdeling og avsett til gåvefond utgjer 100% av overskotet.



Løypemaskina i Norddalen, med Dingemoen-elevar.

Foto: Are Morten follevåg

## **STYRANDE ORGAN I STIFTINGA**

### **Organisering**

Etter vedtektene skal stiftinga ha generalforsamling, styre og dagleg leiar.

### **Generalforsamlinga**

Generalforsamlinga er stiftinga sitt høgste organ og vel styret sine medlemer.

Generalforsamlinga vel òg revisor og fastset styret og revisor si godtgjersle.

Generalforsamlinga godkjenner stiftinga sitt årsoppgjer og fører tilsyn med stiftinga si verksemd.

Desse sit no i generalforsamlinga:

#### ***Innskytarvalde:***

Linda Strand, Dale

Ivar Haaland, Dale

Mari Kyrkjebø, Dale

Magn-Helge Brattelid, Dale

Sigbjørn Solheim, Flikke

Arve Arstein, Hellevik

Helga Åsnes, Straumsnes

Sølvi Ann Solheim Løkkebø, Dale

#### ***Valde av kommunestyret:***

Jonn Helle, Dale, leiar

Terje Halsnes, Dale, nestleiar

Ørjar Eiken, Hellevik

Harald Vik, Guddal

Marita Solheim, Dale

Hallvard Haaland, Flikke

Ole Jakob Nedrebø, Straumsnes

Kathrine Vesterås, Hellevik

#### ***Varamedlemér:***

Ole Petter Mundal, Dale

Atle Strand, Dale

#### ***Varamedlemér***

Annbjørg Eikenes, Hellevik

Anny Mari Holm Solheim

Gunn Åse Løseth, Dale

Sandra Høgheim Brattelid, Dale

Funksjonstida for dei kommunevalde medlemene av generalforsamlinga varer til og med handsaming av årsrekneskapen i generalforsamlinga for 2015. Deretter trer dei nye kommunevalde i funksjon.

Dei nyvalde er:

Arve Helle, Øystein Våge, Terje Halsnes, Katrine Vesterås, Anny Mari Holm Solheim, Ingunn Eiken, Anne Hopland, Harald Vik.

Vara: Øystein Osland, Svein Erik Helle, Irene Langeland, Hilde Genberg.

### **Styret**

Etter vedtektene skal styret ha 4-5 medlemer og inntil 3 varamedlemere. Styremedlemene og leiar er valde for 2 år om gongen. To, vekselvis tre er på val kvart år

Gjeldande styre:

Randi Engen, Guddal, Ingvard Flekke, Flekke, Kristin Kyrkjebo, Dale,	leiар nestleiar medlem	Marit Klausen, Holmedal, Rolf Kleiven, Dale, Joy Taylor, Dale	medlem medlem varamedlem
--	------------------------------	---	--------------------------------

**Administrasjon**

Ole Anders Hope ved Accountor HAFS Hope Rekneskapskontor AS har vore engasjert som dagleg leiар frå 01.07.2012.

Stiftinga sin forretningsstad er i Fjaler kommune.

**Likestilling**

Dagleg leiар er mann. Styret består av 2 menn og 3 kvinner. Styreleiар er kvinne. Det er ikkje planlagt spesielle tiltak for å fremja likestilling då styret ikkje er kjent med at det har vore forskjellsbehandling i strid med lov om likestilling.


Styret vil arbeide for at stiftinga har eit godt arbeidsmiljø og eit godt samarbeidsklima med tilsette i Sparebanken Sogn og Fjordane og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet.

Vilkår for vidare drift er lagt til grunn ved utarbeidninga av rekneskapen.

Den framlagde rekneskapen gjev ei korrekt framstilling av stiftinga si økonomiske stilling.

Dale 4. mars 2016

  
Randi Engen, styreleiар

  
Marit Klausen

  
Kristin Kyrkjebo

  
Ingvard Flekke

  
Rolf Kleiven

  
Ole Anders Hope  
Dagleg leiар

# SPAREBANKSTIFTINGA FJALER

## ÅRSREKNESKAP 2015



Bilete: Teaterfestivalen, framføring av Terje Vigen i Fossevikja. Foto: David Zadig.

## RESULTATREKNESKAP

SPAREBANKSTIFTINGA FJALER

	Note	2015	2014
Anna driftsinntekt			
Lønskostnad	6	183 355	136 676
Annan driftskostnad	6	555 195	481 156
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>738 550</b>	<b>617 831</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-738 550</b>	<b>-617 831</b>
<b>FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
Anna renteinntekt	2	390 038	624 157
Anna finansinntekt	2	2 582 968	2 066 372
Annan rentekostnad		326	1 337
Annan finanskostnad	5	37 970	0
<b>Resultat av finanspostar</b>		<b>2 934 710</b>	<b>2 689 192</b>
Ordnært resultat før skattekostnad		2 196 160	2 071 360
<b>Ordinært resultat</b>		<b>2 196 160</b>	<b>2 071 360</b>
<b>Årsresultat</b>	4	<b>2 196 160</b>	<b>2 071 360</b>
<b>DISPONERING</b>			
Avsett til gaver	4	1 317 000	1 242 000
Avsett til gavefond	4, 8	879 160	829 360
<b>Sum disponeringar</b>		<b>2 196 160</b>	<b>2 071 360</b>

## BALANSE

### SPAREBANKSTIFTINGA FJALER

EIGEDELAR	Note	2015	2014
<b>ANLEGGSMIDDEL</b>			
<b>FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL</b>			
Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane	3	106 453 000	106 453 000
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>106 453 000</b>	<b>106 453 000</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>106 453 000</b>	<b>106 453 000</b>
<b>OMLØPSMIDDEL</b>			
<b>INVESTERINGAR</b>			
Andre marknadsbaserte finansielle instrument		3 962 030	0
Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane	3, 5	5 000 000	5 000 000
<b>Sum investeringar</b>		<b>8 962 030</b>	<b>5 000 000</b>
Bankinnskot, kontantar og liknande	2	18 834 335	21 853 175
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>27 796 365</b>	<b>26 853 175</b>
<b>Sum egedelar</b>		<b>134 249 365</b>	<b>133 306 175</b>

## BALANSE


### SPAREBANKSTIFTINGA FJALER

	Note	2015	2014
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>INNSKOTEN EIGENKAPITAL</b>			
Grunnkapital	4	106 453 000	106 453 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>106 453 000</b>	<b>106 453 000</b>
<b>ANNAN EIGENKAPITAL</b>			
Annan eigenkapital	4	22 945 290	22 945 290
Gåvefond		2 520 520	1 641 360
<b>Sum annan eigenkapital</b>		<b>25 465 809</b>	<b>24 586 650</b>
<b>Sum eigenkapital</b>	4	<b>131 918 809</b>	<b>131 039 650</b>
<b>GJELD</b>			
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Leverandørgjeld		63 133	35 317
Skuldige offentlege avgifter	6	27 957	17 050
Anna kortsiktig gjeld	8	2 239 466	2 214 158
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>2 330 555</b>	<b>2 266 525</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>2 330 555</b>	<b>2 266 525</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<b>134 249 365</b>	<b>133 306 175</b>

Dale, 04.03.2016  
Styret i Sparebankstiftinga Fjaler

Randi Engen  
Randi Oddny Engen  
styreleiar  
  
Rolf Kleiven  
styremedlem

Ingvar Flekke  
Ingvard Andreas Flekke  
styremedlem  
  
Kristin Kyrkjebø  
styremedlem

Marit Klausen  
Marit Reidun Klausen  
styremedlem  
  
Ole Anders Hope  
dagleg leiar

# **NOTAR SPAREBANKSTIFTINGA FJALER 2015**

## **NOTE 1. Rekneskapsprinsipp**

Sparebankstiftinga Fjaler vart skipa 01.09.2010 og er lokalisert i Fjaler. Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova, norske rekneskapsstandardar og reglar for små føretak.

### **Hovudregel for vurdering og klassifisering av egedelar og gjeld**

Egedelar skaffa til varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmiddel. Andre egedelar er klassifiserte som omløpsmiddel. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år er klassifiserte som omløpsmiddel. Anleggsmiddel er vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er venta å vere forbigåande. Børsnoterte finansielle anleggsmiddel vert nedskrivne til marknadsverdi uavhengig av om verdifallet er venta å vere forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Omløpsmiddel er vurderte til lavaste av kostpris og verkeleg verdi.

### **Marknadsbaserte finansielle omløpsmiddele**

Aksjar, eigenkapitalbevis og andre egedelar som inngår i ein handelsportefølje vert vurderte for heile porteføljen til det lavaste av kostpris eller verkeleg verdi på balansedagen. Motteke utbytte og andre utdelingar frå selskapa vert vurderte som anna finansinntekt. Utbytte vert inntektsført når det vert utbetalt.

### **Varige driftsmiddele**

Varige driftsmiddele vert balanseførde og avskrivne over driftsmiddelet si levetid.

## **NOTE 2. Bankinnskot, renteinntekter og utbytte**

Renter frå innskot i bank utgjer totalt kr 390.038.- i 2015.

Sum inneståande i bank pr. 31.12.15 utgjer kr 18.834.335.-.

I 2015 er det motteke og inntektsført utbytte kr 2.582.968.- frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Sparebankstiftinga Fjaler sine midlar har i 2015 hovudsakleg vore plassert som bankinnskot, men på grunn av den lave og minkande rente har kr 4.000.000.- av midlane vorte plassert i 4 ulike fond.

For 2015 vil det føreslegne utbyttet frå Sparebanken Sogn og Fjordane utgjere kr 3.099.000.- for Sparebankstiftinga Fjaler. Dette utbyttet vert inntektsført i 2016-rekneskapen.

Kr 20.294.- er bundne skattetrekksmidlar på skattetrekkskonto.

# NOTAR SPAREBANKSTIFTINGA FJALER 2015

## NOTE 3. Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane

	Eigarandel	Tal eigen- kapitalbevis	Pålydande	Kostpris
Sparebanken Sogn og Fjordane	5,88 %	1.114.530	100	111.453.000

Stiftinga eigde 1.114.530 eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane pr 31.12.15. Desse er vurderte og bokførde til pålydande kurs kr 100.-.

1.064.530 av eigenkapitalbevisa til kurs à kr 100.- utgjer grunnkapitalen i Sparebankstiftinga Fjaler.

## NOTE 4. Eigenkapital

	Grunnkapital	Overkurs- fond	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Pr. 31.12.2014	106 453 000	0	24 586 650	131 039 650
Endringar ført mot EK				0
<b>Pr 01.01.2015</b>	<b>106 453 000</b>	<b>0</b>	<b>24 586 650</b>	<b>131 039 650</b>
Pr. 01.01.2015	106 453 000	0	24 586 650	131 039 650
Avsett til gavefond			879 160	879 160
Avsett til annan eigenkapital			0	0
<b>Pr 31.12.2015</b>	<b>106 453 000</b>	<b>0</b>	<b>25 465 810</b>	<b>131 918 810</b>

## NOTE 5. Marknadsbaserte aksjar, eigenkapitalbevis

	<b>31.12.2015</b>
Andre marknadsbasrete finansielle instrument	3.962.030.-
Eigenkapitalbevis Sparebanken Sogn og Fjordane	5.000.000.-
<b>Sum finansielle investeringar</b>	<b>8.962.030.-</b>

Prinsipp for vurdering verdi av aksjar og eigenkapitalbevis:

Plassering i aksjar og eigenkapitalbevis som inngår i ein handelsportefølje vert vurdert for heile porteføljen til det lavaste av kostpris eller marknadsverdi på balansedagen. Netto realisert vinst/tap vert ført som annan finansinntekt/kostnad.

Det har vore investert i aksjfond i 2015.

## **NOTAR SPAREBANKSTIFTINGA FJALER 2015**

**NOTE 6. Løn og godtgjersle tilsette, dagleg leiing, styre og generalforsamling m.m.**

<b>Lønskostnader</b>	<b>2015</b>	<b>2014</b>
Løner	166 612	121 915
Arbeidsgjevaravgift	15 871	12 923
Pensjonskostnader	0	0
Andre ytingar	873	1 838
<b>Sum</b>	<b>183 355</b>	<b>136 676</b>

Gjennomsnittleg tal årsverk: 0,25 på årsbasis.

<b>Ytingar til leiande personar</b>	<b>Dagleg</b>	
	<b>leiari</b>	<b>Styret</b>
Løn	Sjå avsnitt nedanfor:	153 243
Pensjonsutgifter	0	0
Anna godtgjersle	0	0

Accountor HAFS Hope Rekneskapskontor AS ved Ole Anders Hope er engasjert som dagleg leiar. Samla honorar for rekneskapsføring og dagleg leiing i 2014: kr 327.504.- inkl. mva.

### **Revisor**

Kostnadsført revisjonshonorar for 2015 utgjer kr 33.875.-.

### **NOTE 7. Skatt**

Sparebankstiftinga reknar seg som ei skattefri stifting i samsvar med skattelova § 2-32. Dette er i samsvar med praksis for tilsvarande stiftingar i Noreg. Skatt av formue og inntekt er difor ikkje avsett som kostnad i rekneskapen for Sparebankstiftinga Fjaler for 2015.

Spørsmålet om skattefritak for sparebankstiftingar vart i 2012 endeleg avklara etter at Skattedirektoratet i ei generell vurdering har kome til at sparebankstiftingar kan fritakast for skatteplikt etter ei konkret vurdering av verksemda ved likninga kvart år.

Skattefritak kan innrømmast dersom stiftinga ikkje har erverv til føremål. Dersom stiftinga sin aktivitet i hovedsak er å forvalte dei midlar som vart tilført ved opprettinga, i den samanheng å utøve stabilt eigarskap i banken som stiftinga har sitt opphav ifrå, og driv allmennytig aktivitet ved utdeling av overskotet til allmennytige føremål, reknar Skattedirektoratet med at stiftinga vil kunne vere skattefri.

## NOTAR SPAREBANKSTIFTINGA FJALER 2015

### NOTE 8. Avsett til gåver

Det er av overskotet for 2015 avsett til påveutdeling kr 1 317 000, og dette er ført opp under anna kortsiktig gjeld i balansen. Maksimalt kan det delast ut inntil 60% av overskotet til gåver kvart år, og inntil resten av overskotet kan avsetjast til påvefond for framtida. Det er for 2015 sett av kr 879 160 til påvefondet. Samla er det avsett 100% av overskotet til påveutdeling og påvefond. Påvefondet står som eigenkapital under opptent kapital, og utgjer saman med tidlegare avsett; kr 2 520 520.

Styret i Sparebankstiftinga Fjaler har i 2015 delt ut gåver til almennytige føremål med kr 1 230 000. Av dette er kr 10 000 tilført På Rappen-midlane, som er ei ordning som ungdom i Fjaler/Holmedals-området kan søkje på gjennom heile året, og få tildelt inntil kr 5 000.

Av totalt utdelte gåver er kr 968 466 ikke utbetalt pr 31.12.15, og er bokført under anna kortsiktig gjeld.

#### Anna kortsiktig gjeld utgjer:

Avsett til utdeling av overskot 2015:	kr	1 317 000
Rest av tidlegare avsetninger til utdeling	kr	27 000
Ikkje utbetalt av utdelte gåver:	kr	894 830
<u>Skuldig løn og feriepengar</u>	kr	635
Sum	kr	2 239 466

Til styret i Sparebankstiftinga Fjaler

## Melding frå revisor

### Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Sparebankstiftinga Fjaler, som viser eit overskot på kr 2 196 160. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2015, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoен, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

*Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilet i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

*Revisor sine oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningsane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for stiftinga si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilet. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga si interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilet av den finanzielle stillinga til Sparebankstiftinga Fjaler per 31. desember 2015, og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

### **Fråsegn om andre tilhøve**

#### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningsane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

#### *Konklusjon om forvaltning*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at stiftinga er forvalta i samsvar med lov, stiftinga sitt formål og vedtekten for øvrig.

Førde, 4. mars 2016  
**PricewaterhouseCoopers AS**



Jan Flølo

Statsautorisert revisor